



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Samarbeidsavtale med Vinje/Haukeli Røde Kors Hjelpekorps

Vedlegg

- 1 Forslag samarbeidsavtale VHRK.docx
- 2 Utstyrsliste VHRK.xlsx

Dokument i saka

Bakgrunn

Vinje/Haukeli Røde Kors Hjelpekorps (RK) har sendt utkast til ny samarbeidsavtale til kommunal godkjenning. Partane hadde ei tilsvarande samarbeidsavtale om beredskap for perioden 2017-2021.

Samarbeidsavtaler mellom RK og kommunar har vore relativt vanleg dei siste ti åra. Innhaldet har variert frå nyare avtaler der medborgarskap og førebygging av utanforskap, til meir tradisjonelt utvida beredskapsarbeid som Vinje kommune er invitert til å inngå.

Politisk godkjenning av avtalen har drege ut i påvente av at ein har funne ei endeleg løysing på behovet til RK for garasje/lager i Raulandsområdet. Kommunestyrets løyving for å legge til rette for dette ved brannstasjonen, opnar for godkjenning av ny samarbeidsavtale.

Vurdering

RK er ein viktig beredskapsaktør i Vinje-samfunnet, og det er tryggande å ha ei avtale som synleggjer ressursar og kva RK kan bidra med lokalt, ut over tradisjonell søk og redning rekvirert av politi og Akuttmedisinsk kommunikasjonsentral (AMK).

Den største materielle endringa i innhaldet i den nye avtala er RK sitt behov for eit lager lenger aust i kommunen. Dette vil korte ned responstida deira monaleg ved hendingar i områda Møsstrond, Rauland, Øyfjell og Åmot.

Ynskt lokalisering av garasje/lager har vore Rauland sentrum. RK har hatt eit mellombels alternativ på hand på Vierli i påvente av at eit meir sentrumsnært alternativ blir tilgjengeleg. No er dette budsjettert og avtaleteksten kan oppdaterast fleire stader.

Når det gjeld ønsket om ferdsel i oppkøyrde skiløyper, så vurderer ein det som vanskeleg når det skuterløypene er tilgjengelege for RK, og ein kjenner til dei negative reaksjonane som skuterferdsel i skiløyper genererer. Køyning i skuterløypene utan forutgåande søknad er innanfor. Vidare kan det gjevast dispensasjon til anna køying med grunnlag i ein dispensasjonssøknad som syner trasear og tidsrom.

Kommunedirektørens framlegg til vedtak

Kommunestyret godkjenner framlagde utkast til samarbeidsavtale.

Kommunedirektøren og styret Vinje/Haukeli Røde Kors Hjelpekorps oppdaterer avtaleteksten i tråd med vurderingar i saka og avklaringa av garasje/lager på Rauland.